

6C. Årsrekneskap 2019

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste

1. Kommenterar frå leiinga

2. Føremål og mynde for fondet

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett instruks for fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste – oppdatert per 15.05.2019.

Fondet skal finansiere driftskostnader til å behandle saker om erstatning knytte til behandling i privat helseteneste, og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, inkludert nødvendige utgifter til IKT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er påkravd for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste. Dekning av driftskostnadene omfattar saksbehandling både i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) og i den delen av Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten som forvaltar saker under pasientskadeordninga (Pasientskadenemnda). Inntektene til fondet blir finansiert av tilskot betalt av private aktørar etter pasientskadeloven § 8.

Det går fram av pasientskadeloven § 8 jf. § 7 andre ledd og forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om pasientskadelovens virkeområde og om tilskuddsplikt for den som yter helsehjelp utenfor den offentlige helse- og omsorgstjenesten § 3, kva aktørar som blir rekna som tilbydarar av private helsetenester. Desse har plikt til å betale tilskot til NPE. Forskrifta gir òg nærare reglar om reguleringa av privat helseteneste, inkl. omfanget på dei årlege tilskota som skal innbetalast til fondet. Dei årlege tilskota er meinte å dekkje alle kostnader relatert til skadar som oppstår i det aktuelle året. Kostnadene omfattar driftskostnader, utgifter til advokatar og erstatningar. Gjennom innbetalingar til fondet skal det avsetjast middel til framtidige erstatningsutbetalingar, inkl. inntreffe, men ikkje melde eller oppgjorde skadar.

Tilskota skal justerast over tid for å korrigere for eventuelle avvik mellom den faktiske storleiken på fondet og dei avsetningane som blir sett på som nødvendig for å dekkje framtidige erstatningsutbetalingar.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i tråd med Reglementet for og reglar om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilde av fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste - sine disponible middel, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, eigedelar og gjeld. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingssrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

Vurdering av vesentlege forhold

NPE har hatt ein auke i mottekne og avslutta saker i 2019 og utbetalte til saman 58,8 mill. kroner i erstatningar. Det er ein auke på 14,6 mill. kroner frå 2018.

Auken i driftsutgiftene skuldast fleire mottekne og avvikla saker i 2019 og justert utrekningsmåte.

Rekneskapen viser ein auke i driftskostnaden frå 2018 til 2019 på dryge 9 mill. kroner. Av desse er 3,7 mill. kroner feil skuldskrivne fondet og vil bli tilbakeført i 2020. Den reelle auken på driftskostnadene blir då på 5,7 mill. kroner. Auken skuldast fleire mottekne og avvikla saker i 2019 og justert utrekningsmåte.

Rekneskapen viser samla utgifter på fondet på 97,5 mill. kroner. Korrigert for feildebiteringa på 3,7 mill. kroner er dei reelle samla utgiftene på 93,8 mill. kroner.

I 2019 hadde fondet samla inntekter på 108 mill. kroner. Inntektene består av innbetalt tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Resultatet for fondet blei redusert med 15 mill. kroner frå 2018 til 2019. Reduksjonen skuldast i hovudsak høgare erstatningsutbetalingar og høgare driftsutgifter. Inneståande som er rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2019 er på 91 mill. kroner. Det er ein auke på 11 mill. kroner frå 2018.

Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

I instruksen av 15. mai 2019, fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, er det fastslege at fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det vil seie at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved årsslutt. Tilskota knytte til privat helseteneste og NPE sin utbetaling av erstatningar for same område skal førast over eigen konto i Noregs Bank. I revisjonen for 2018 peikte Riksrevisjonen på at årsrekneskapen ikkje var presentert etter kontantprinsippet. Verksemdsrekneskapen inneheldt opne postar som ikkje var i samsvar med kontantprinsippet. I 2019 har NPE i samarbeid med DFØ utarbeidd årsrekneskapen etter kontantprinsippet ved å tilbakeføre opne postar. Årsrekneskapen for 2019 er presentert etter kontantprinsippet og skal ta i vare krava i instruksen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil gå fram av revisjonsmeldinga som NPE tek imot våren 2020. Revisjonen for i år er per i dag ikkje fullført.



20.05.2020

Rolf Gunnar Jørstad, direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsette i reglar om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i reglane punkt 3.4.6 og rundskriv frå Finansdepartementet R-115 av november 2016, punkt 8.

Definisjon av statleg fond

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå andre middel i staten, og der bruken er bunden til eit nærare fastsett formål som varer utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga til staten og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Noregs Bank. Inneståande på oppgjerskonti blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen i fondet og likvidrørslar på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, kjem fram i nedre delen av oppstillinga.

3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen tilsvarar oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemdar. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) er synleg i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) er synleg i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet i perioden er skilnaden mellom overføring til fondet og overføring frå fondet og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. Note til fondsrekneskapen omtalar kortsiktige fordringar. Opplysinga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskott eller tilbakebetaling av kapitalinnskott i fondet er ikkje synleg i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskotten fondskapital.

4. Oppstilling av løyingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Oppstilling av løyingsrapportering per 31.12.2019

Innestående rapportert i likvidrapport	2019
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	-80 039 824,04
Endringer i perioden	-10 871 050,34
Sum utgående saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	-90 910 874,38

Tabell 1

Innestående rapportert til kapitalrekneskapen per 31.12.2019

Konto	Tekst	2019	2018	Endring
810702	Fondskapital	-90 910 874,38	-80 039 824,04	-10 871 050,34

Tabell 2

Note A Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste blir fullfinansiert av private aktører og det inkluderer erstatningsutbetalningar, dekning av advokatutgifter og driftsutgifter. Fondet tek ikkje imot løyvingar over statsbudsjettet.

5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgifter, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld i fondet

Resultatoppstilling	Note	2019	2018
<i>Overføringar til fondet:</i>			
Tilskot frå private helseaktører	1	(107 859 651)	(94 129 889)
Regress frå private helseaktører	1	(199 303)	(4 217 717)
Sum overføringar til fondet	1	(108 058 954)	(89 912 172)
<i>Overføringar frå fondet:</i>			
Erstatningsutbetalningar	2	58 774 437	44 202 718
Dekning driftsutgifter NPE	2	34 764 376	25 344 684
Dekning driftsutgifter Helseklage	2	5 150 000	5 280 000
Anna	2	(1 208 783)	(528 610)
Sum overføringar frå fondet	2	97 480 030	74 298 792
Resultat i perioden		10 578 924	15 613 380
<i>Disponering</i>			
Overføring av resultatet i perioden til fondskapital		(10 578 924)	(15 613 380)

Tabell 3 - kolonne 2019 og 2018 er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Resultatet i perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet i perioden er lagt til opptent fondskapital førre år. Forklaring av rekneskapslinjene blir gitt under notane.

Balanseoppstilling	Note	2019	2018
<i>Eigedelar:</i>			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		90 910 874	80 039 824
Sum eigedelar		90 910 874	80 039 824
<i>Fondskapital og plikter:</i>			
Opptent fondskapital		90 910 874	80 039 824
Sum fondskapital og plikter		90 910 874	80 039 824

Tabell 4 - summen tilsvarar innestående på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen.

Note 1 Overføringer til fondet	2019	2018	Differanse
8484 Tilskot frå privat helseteneste	(108 393 005)	(99 511 692)	(8 881 321)
Tilbakeføre opne postar per 31.12	2 029 507	1 435 745	593 762
Tilbakeføre IB i periode 00	(1 496 153)	3 946 058	(5 442 211)
Tilskot frå private aktørar	(107 859 651)	(94 129 889)	(13 729 762)
8480 Regress	(5 201 287)	(889 790)	(4 311 497)
Tilbakeføring opne postar per 31.12	8 740 230	500 940	8 239 390
Tilbakeføre IB i 00 perioden	(3 738 247)	4 606 667	(8 344 914)
Regress frå private aktørar	(199 304)	4 217 717	4 417 021)
Sum overføringer til fondet	(108 058 955)	(89 912 172)	(18 146 783)

Tabell 5 - kolonne 2019 og 2018 er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

For både konto 8481 Tilskot frå privat helseteneste og 8480 Regress blir det vist ei spesifisering av korleis IB, altså opne postar frå tidlegare år, og opne postar per 31.12, har blitt tekne omsyn til for å ta i vare kravet om kontantprinsippet i årsrekneskapen.

Totalt har det blitt overført 10 mill. kroner meir i 2019 samanlikna med 2018. Det skuldast ein auke på 6,1 % i innmelde årsverk det siste året.

For 2019 har det vore ein auke i regresskrav frå 15 til 22 saker, og samla har storleiken på krava auka med 4,4 mill. kroner. Alle regresskrav blir overførte til Statens innkrevingsentral (SI) for vidare oppfølging.

Note 2 Overføringer frå fondet	2019	2018	Differanse
Erstatningar	58 774 437	44 202 718	14 571 719
Dekning av driftsutgifter NPE	34 764 376	25 344 684	9 419 692
Dekning av driftsutgifter Helseklage	5 150 000	5 280 000	(130 000)
Anna	(1 204 524)	(528 610)	(679 873)
Sum overføringer frå fondet	97 480 330	74 298 792	23 181 537

Tabell 6 - kolonne 2019 og 2018 er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

I 2019 er det ein auke i erstatningsutbetalingar og ein auke i driftskostnader på 5,7 mill. kroner på grunn av fleire mottekne og avslutta saker i 2019 enn i 2018. Samtidig har vi i 2019 endra måten vi reknar driftsutgiftene på.

Driftsutgiftene er skuldskrivne fondet med utgangspunkt i ein gjennomsnittspris for kor mykje det kostar å behandle ei sak i NPE og Helseklage, inkludert advokatutgifter.

Anna-posten fordeler seg slik:

Anna	2019	2018	Differanse
<i>777 Transaksjonskostnader (bank- og kortgebyr)</i>	2 373	2 184	(188)
<i>805 Renteinntekter</i>	(1 220 041)	(530 792)	(693 249)
Sum Anna	(1 221 668)	(528 608)	(693 059)

Tabell 7 - kolonne 2019 og 2018 er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet